



Politikk for ytre miljø i Sjukehusapoteka Vest

Sjukehusapoteka Vest (SAV) skal vere ein organisasjon som å planlegg for og tek miljøbevisste val.

Miljøpolitikken skal sikre at vi arbeidar med miljø- og klimautfordringane for å sikre at drifta vår gjev minst moglege uønskete miljøeffektar og gjennom dette ivareta samfunnsansvar og fylle nasjonale ambisjonar. Vi skal handtere varene vi omset, tenesteleveransar og andre innsatsfaktorar på ein måte som sikrar god kontroll med miljøpåverknad. Samarbeidspartar og kundar skal ha tilgang på vår forståing av kva miljørisikoar som følgjer framstilling og bruk av legemiddel.

For å oppnå desse ambisjonane skal vi jobbe internt, mot leverandørar, kundar og produsentar:

- Internt i SAV
 - Jobbe for å oppnå mål i spesialisthelsetenesta om å redusere CO2-utslepp med 40% innan 2030
 - Forplikte oss til kontinuerleg forbetring for å redusere påverknad på ytre miljø gjennom aktiv bruk av styringssystem og planverk
 - Kontinuerleg samle inn, vurdere og rapportere på miljøeffektar av drifta vår
 - Sikre fagleg kompetente og miljøbevisste medarbeidarar.
- Leverandørar
 - Stille miljøkrav til leverandørar
- Kundar
 - Gjere informasjon om moglege effektar på miljø ved bruk av legemiddel, tilgjengeleg for kundar
 - Bidra til effektiv bruk og handtering av legemiddel
- Produsentar
 - Bidra til å påverke produsentleddet til produksjon av legemiddel som er i tråd med FN sine berekraftsmål

Bergen 16.januar 2024

Tonje Folkvang
Administrerende direktør

